

ÅRSPLAN

EDLAND BARNEHAGE

2021 - 2022

- "MED BARNET I FOKUS"



-Vedteken av SU 02.12.21 -

INNHALD

✓ Innleiing	s. 3
✓ Formålet med og innhaldet i barnehagen	s. 5
✓ Presentasjon av barnehagen	s. 9
✓ Barnehagen sine rådsorgan	s. 10
✓ Samarbeid barnehage – heim	s. 12
✓ Tilvenning og overgangar	s. 15
✓ Barnehagen sine fokusområder	s. 16
✓ Fagområda	s. 20
✓ Samarbeid med andre instansar	s. 25
✓ Dokumentasjon og vurdering	s. 27
✓ Foreldra si hugseliste	s. 28
✓ Kontaktinfo	s. 29

INNLEIING

Overordna lovar og retningsliner for arbeidet i barnehagen;

- * FN sin barnekonvensjon
- * Lov om barnehagar
- * Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver
- * Kommuneplan for Vinje
- * Internkontrollsystem (helse, miljø og tryggleik)

Alle barnehagar skal byggje verksemda si på verdigrunnlaget og innhaldet i barnehagelova og på internasjonale konvensjonar, mellom anna FN sin Barnekonvensjon.

Stortinget har i barnehagelova av 17. juni 2005 nr. 64 fastsett overordna føresegner om formålet og innhaldet i barnehagen.

Kunnskapsdepartementet har 24 april 2017 fastsett føreskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver.

Rammeplan for barnehagen (2017), seier at alle barnehagar skal utarbeide ein årsplan. Årsplanen er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet, og dokumenterer vala og grunngevingane til barnehagen.

Barnehagen sitt samfunnsmandat;

"Barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings – og aktivitetsmuligheter i nær forståelse og samarbeid med barnas hjem"
(Lov om barnehager §1)

"Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling. Leik, omsorg, læring og danning skal sjåast i samanheng"
(Rammeplanen s.7)

"Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn"

(Rammeplanen s.10)

"Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar"

(Rammeplanen s.11)



FORMÅLET MED OG INNHALDET I BARNEHAGEN

«Årsplanen skal mellom anna vise korleis barnehagen arbeider med omsorg, leik, danning og læring.» (Rammeplanen s.38)

Omsorg:

"Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gje barna høve til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle oppleve at dei blir sett, forstått og respektert, og få den hjelp og støtte dei har behov for."(Rammeplanen s.19)

Det er personalet sitt ansvar å vise og gje omsorg.

Det krev at personalet er tilstades der barna er, og at me er gode til å sjå og lytte til dei, slik at me kan forstå behova deira.

Personalet skal snakke med barna, rettleie dei, og forklare når det er naudsynt. Me skal vise at me bryr oss, og trøyste når dei treng det.

Me skal vise respekt. Ta barna på alvor – ikkje le av, men med...

Personalet har ansvar for å innfri barnas daglege behov for søvn, mat og kvile. Me må leggje til rette for at barna får eit sunt kosthald, sørge for at dei får vere i fysisk aktivitet, og at dei får kvile ved behov.

Leik:

"Barnehagen skal gi barn mulighet for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter" (Barnehageloven §2)

"Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typer leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre."(Rammeplanen s. 20)

Leik er barnas viktigaste aktivitet! Leik er læring.

I leiken lærer barnet samspel med andre barn og vaksne, og barnet lærer seg sjølv å kjenne.

I leiken får barna bearbeida inntrykk frå opplevingar. Dei får utvikle

fantasien sin, og lærer seg sosiale spelereglar.

Leiken er indre motivert og gjev barna rom for sosialt samarbeid, vera rollemodell for kvarandre, ha det gøy saman og dele.

Me vil at barna skal oppleve glede og meistring saman med andre i leiken.

For at barnas behov for leik skal bli ivaretatt må personalet legge til rette for;

- ulike typer leik
- eit inkluderande miljø der alle barn får delta
- utvikling av leiketema: å hjelpe barna til å videreutvikle leiken
- hjelpe barn inn i leik

For at dette skal kunne bli ivaretatt, er det viktig at dei vaksne er tilstade der barna leiker.

Danning:

"Barnehagen skal oppmuntre barna til å vere prøvande til og nysgjerrige på omverda og bidra til å leggje grunnlaget for modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i demokratiske fellesskap."

"Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer som er viktig for fellesskapet"

"Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen vere med og sørgje for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endring"(Rammeplanen s.21)

Personalet må vera beviste i høve egne haldningar og verdiar.

Me ynskjer å lære barna til å bli sjølvstendige, samarbeidsvillige, sosiale og høflege barn med tru på seg sjølv. Dei skal bli rusta til å takle motstand.

Me ser det som svært viktig å utvikle barnas empatiske evner, det vil sei evna til å sette seg inn i andre sin situasjon.

For å skape eit trygt miljø for barna er det viktig med tydelege reglar, rutiner, struktur og tilstedeværande vaksne.

Danning av barn skjer gjennom læring, tradisjonar og kultur.

Læring:

"I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre."

"Nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggest til grunn for læringsprosessane."

"Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine."

(Rammeplanen s. 22)

Personalet må gje barna opplevingar og erfaringar.

Me må leggje til rette for leik, tilgang på materiale og utstyr.

Saman med barna må me undre oss, utforske og vera nysgjerrige.

Læring skjer i leik, samling, måltid, påkledning og i det daglege samspelet med andre barn og vaksne.

Sosial kompetanse:

"Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel."

"Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov"

(Rammeplanen s. 22 og 23)

Personalet må sørge for at alle barna får oppleve å være del av eit sosialt fellesskap. Barna må få hjelp til å sette egne grenser, men og å lære å respektere andre sine grenser.

Personalet skal vere med å førebyggje, stoppe og fylgje opp utestenging og mobbing. Vinje Kommune har ein eigen plan for dette. Denne finn de her;

<https://www.vinje.kommune.no/planar-og-retningsliner.561717.nn.html>

Medverknad:

«Barnehagen skal sikre barna sin ret til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen» (Rammeplanen s. 27)

Barna skal få vere med i planlegging og vurdering av barnehagekvardagen. Alle barn skal kunne komme med synspunkt og kjenne at dei har medverknad på sin eigen kvardag.

Alle barn i alle aldrar skal ha moglegheit til å uttrykke kva dei meiner.

Då er det viktig at personalet vurderer barnet sin alder og modenhet, slik at barnet ikkje får meir ansvar enn det kan takle.

Dei tilsette må observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova barna har.



PRESENTASJON AV BARNEHAGEN

Edland barnehage er ein barnehage med 54 plassar for barn i alderen 1-6 år. Barna kan få plass 3, 4 eller 5 dagar i veka.

Opningstida til barnehagen er frå kl. 06.45 – 17.00.

Barnehagen er organisert med ei gruppe for dei eldste (Lykle), ei gruppe for 3- og 4 åringane (Blåmann), ei gruppe for 2 -åringane (store Bruse) og ei gruppe for 1- åringane (Bruse).

Edland barnehage starta som soknerådsbarnehage i 1976 på Grungebru.

Den gong var det ein musikalsk barnehage med tilbod 6 timar i veka.

I 1980 vart barnehagen utvida og flytt til Edland Samfunnshus i samarbeid med Helselaget. Tilbodet vart utvida til 2 dagar a 4 timar.

I 1985 flytte barnehagen til Raude Kross sitt hus i Haukeli.

1.august 1988 overtok Vinje Kommune ansvaret for barnehagen, og i 1989 bygde dei Edland barnehage der den ligg i dag.

Barnehagen blei utvida til to avdelingar i 1991, og hausten 2007 fekk Edland barnehage si tredje avdeling.



BARNEHAGEN SINE RÅDSORGAN

Foreldreråd:

Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra, og bidra til at samarbeidet mellom barnehage og heim skapar eit godt barnehagemiljø.

Foreldrerådet består av foreldre og føresette til alle barna i barnehagen.

Det er på foreldrerådsmøte at du som forelder kan fremme saker som gjeld barnehagen.

Foreldrerådet må velje ein leiar.

Foreldrerådsleiar møter i Samarbeidsutvalet for barnehagen, på dialogmøte med politikarane og har elles kontakt med styrar ved behov.

Leiar sit for eitt år om gongen. Vara rykker då opp som leiar. Det er val på ny vara kvar haust.

FAU:

FAU er foreldrerådets arbeidsutval. Alle foreldre/føresette er medlemmar av foreldrerådet.

FAU fungerer som eit styre for foreldrerådet og veljast på haustens fyste foreldremøte og veljast for 2 år om gongen. Fyste året som vara, og andre året som hovudforeldrepresentant for si avdeling. FAU konstituerer seg på fyste møte og vel ein leiar, nestleiar, sekretær og styremedlemmer, samt representantar til samarbeidsutvalet.

FAU skal:

- Fremje fellesinteressa til foreldre/føresette
- Skal medverke til at foreldre/føresette tek aktivt del i arbeidet for å skape eit godt barnehagemiljø
- Bidra til eit godt samarbeid heim – barnehage
- Vere ein informasjonskanal ut til alle foreldre/føresette
- Skape kontakt mellom barnehage og nærmiljø

FAU møte 4 gonger pr år, eller ved behov

FAU er underlagt forvaltningsloven når det gjeld teieplikt

FAU er eit råd for saker som gjeld heile barnehagen, ikkje einskilsaker

Samarbeidsutval:

Samarbeidsutvalet skal ivareta eigarane, foreldra og barnehagen sine interesser, slik at barnehagen blir drevet på ein tenleg måte.

Samarbeidsutvalet består av foreldre og tilsette i barnehagen, samt ein representant frå kommunen.

Barnehagesjefen har møte-, tale-, og forslagsrett, og er sekretær i samarbeidsutvalet.

Kommunens rep.: Kjetil Nessæther

Foreldres rep.: Silje Hagen

Tilsettes rep.: Signe Slåtta

Sekretær: Katrine Grindalen



SAMARBEID BARNEHAGE - HEIM

Samarbeid mellom barnehage og heim er viktig for at foreldre skal føle seg trygge på det som skjer i barnehagen, og ha moglegheit til å påverke barnehagen sitt innhald.

Me i barnehagen forventar at føresette bidreg med sine erfaringar, og at me kan ha ein god dialog i samarbeidet om barnet sitt beste.

Dette vil me oppnå gjennom:

- *velkommen skriv* der ein finn nyttig informasjon om oppstart og tilvenning.

- *foreldremøte* for nye foreldre, om våren før nytt barnehageår

- *besøk i barnehagen* før barnehagestart for dei som ynskjer.

- *tilvenning* der foreldre er med i barnehagen for å gje barna ein trygg start.

- *årsplan* som er ein overordna plan for det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

- *månadsbrev* der det kjem informasjon om tema/aktivitetar og praktiske ting.

- *bringe- og hentesituasjonen* er den daglege kontakta mellom barnehage og heim.

Her utvekslast viktig informasjon frå føresette om morgonen, og tilbakemeldingar frå personalet om ettermiddagen.

- *foreldresamtaler* er ei samtale mellom foreldre og pedagogisk leiar om barnets trivsel og utvikling. Det vil vera to samtaler kvart år - ein haust og ein vår. Både foreldre og pedagogisk leiar kan avtale samtaletid utanom dette, dersom det er behov for det.

Barnehagen ser det som ynskjeleg at båe foreldre/føresette møter på desse samtalene.

Føresette har ofte ulike behov for tilbakemeldingar. Me oppmodar difor til å ta kontakt og be om informasjon om det er noko de lurar på eller vil gje oss informasjon om. Sjå kontaktinfo bakerst i årsplanen.

- *foreldremøte* er ein arena for felles drøfting og utveksling av informasjon mellom foreldra og dei tilsette, for å skape ein best mogleg barnehage. Det vil vera to foreldremøte kvart barnehageår.

- *FAU* er eit bindeledd mellom føresette og barnehagen. Du som føresett kan drøfte saker med foreldrerådsleiar, som igjen tek det vidare til barnehagesjefen eller kallar inn til foreldrerådsmøte dersom det gjeld alle.

Barn opplever og/eller lever nokre gonger i vanskelege livssituasjonar av ulike årsakar. Det kan for eksempel vere flytting, skilsmisse, dødsfall, psykisk sjuke føresette, føresette som i periodar er borte frå heimen etc. Både små og store endringar påverkar barn ofte meir enn me trur, og av erfaring er dette noko barna viser gjennom si åtferd. Difor oppmodar me dykk som føresette å vere opne og gje oss informasjon om det de tenkjer er viktig for oss å vite noko om. Då kan me møte barna der dei er, ta oss godt av dei og vera ei god støtte for dei i kvardagen.

Alle barn har rett til ein trygg oppvekst.

FNs barnekonvensjon artikkel 19 og 34 har nedfelt barns rett til beskyttelse mot vald, overgrep og anna trakasserande åtferd. Noreg gjorde i 2003 om barnekonvensjonen til norsk lov.

Dessverre er det slik at vald i nære relasjonar er eit stort samfunnsproblem. Små barn blir utsette for mobbing, vald og trakasserande åtferd av nære omsorgspersonar.

Vinje Kommune har med bakgrunn i denne problematikken laga ein handlingsplan mot vald i nære relasjonar.

Målet til Vinje Kommune er at alle heimar skal vere arena for tryggleik og omsorg – frie for vald.

Barnehagen skal verne barna, og sikre dei gode oppvekstvilkår.

Barnevernloven §22 seier at alle tilsette i barnehagen er pålagt opplysningsplikt, utan hinder av teieplikta, til barnevernet *når det er grunn til å tro* at eit barn blir mishandla, eller det føreligg andre former for alvorleg omsorgssvikt.

"Ubehaget ved å melde en bekymring er for ingenting å regne mot å leve som barn i konstant utrygghet. Du kan gjøre en livssviktig forskjell"
- Øyvind Aschjem



OVERGANGAR

Overgangar inneber ei stor endring i barn sitt liv. Det kan vere oppstart i barnehage, overgang frå ei avdeling til ei anna og overgang til skulen. Det er viktig at barnehagen samarbeider godt med heimen, slik at me kan leggje til rette for at desse overgangane blir best mogleg for barnet.

Tilvenning i barnehagen;

- me inviterar alle nye foreldre til eit foreldremøte på våren
- me inviterar nye barn til å kome på besøk i forkant av tilvenning
- me legg opp til ei tilvenning over fem dagar. Om det er naudsynt, så brukar me lengre tid på tilvenninga.
- nokon barn treng lengre tid enn andre på å bli trygge
- ha med ein kosebamse/sutteklut el som er trygt og kjend for barnet.
- ped.leiar har ei oppstartsamtale med foreldre i løpet av dei fyrste dagane.

Overgang mellom avdelingar;

Gjennom våren har me «besøksordning» frå Bruse til Blåmann og Blåmann til Lykle. Då er barna på besøk til den avdelinga dei skal over på til hausten. Dei er med gjennom dagen – både inne på avdeling og på tur. I foreldresamtale på våren skal overgang vere eit tema.

Overgang frå barnehage til skule;

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og eventuelt til skulefritidsordninga» (Rammeplanen s.33)

Alle barnehagane i Vinje kommune fylgjer plan for overgang «Frå eldst til yngst».

Planen finn de her: <https://www.vinje.kommune.no/planar-og-retningsliner.561717.nn.html>

BARNEHAGEN SINE FOKUSOMRÅDER - LIVSMEISTRING OG LEIK

Inkluderande barnehagemiljø:

Alle barnehagar og skular i Vinje kommune var i perioden 2018-2020 med i eit prosjekt som heiter «Inkluderande barnehage- og skulemiljø». Prosjektet var i regi av Utdanningsdirektoratet, og har mellom anna som mål at alle tilsette i Vinjebarnhagen/Vinjeskulen skal auke sin kompetanse i;

- å fremje trygge og gode barnehage- og skulemiljø
- å førebyggje mobbing og andre krenkingar
- å handtere mobbing og andre krenkingar

Arbeidet med Inkluderande barnehagemiljø er eit kontinuerleg arbeid.

Det handlar om å jobbe for at alle barn skal kjenne at dei høyrer til, og har ein viktig og verdifull plass i sitt oppvekstmiljø. «*Å oppdra eit barn krev ein heil landsby*», seier eit afrikansk ordtak. Me må alle arbeide saman for å sikre at barna i Vinje har gode vener og kjenner seg inkludert.

Meire informasjon om arbeidet i prosjektetperioden finn de på Vinje Kommune si heimeside:

<https://www.vinje.kommune.no/inkluderande-barnehage-og-skulemiljoe.486300.nn.html>

Livsmestring:

Vinjebarnhagen er saman med Vinje helse med i eit 5 årig prosjekt (2019-2023) som heiter «*Eg er meg og du er deg – livsmestring og nærværstrening for barn*».

Dette prosjektet er ein del av folkehelsearbeidet til Vinje kommune, der ein vektlegg arbeid med å fremje livskvalitet og trivsel for å førebyggje psykiske vanskar.

Oppmerksomt nærvær er definert som *eit vennleg nærvær ovanfor det som oppstår i kvart augenblikk, i oss sjølve, i våre relasjonar og i våre liv. Det er ei grunnleggande livshaldning samt ei dagleg øving i å samle merksemda vår kring det som skjer her og no utan kritikk eller dømning og utan ynskje at verkelegheita skulle vere annsleis enn det den er akkurat no* (Michael de Vibe)

Nærværstrening i barnehagen kan skape motvekt og balanse i forhold til

ytre fokus og høgt tempo, noko som har stor verdi for eit godt lærings- og utviklingsmiljø (Sælebakke 2013). Med enkle verktøy kan tilgang til eigne ressursar bli styrka for å takle stressande situasjonar i ein travel kvardag. Samtidig utviklast barna sine relasjonelle evner og bidreg til inkluderande og rause samværsformer (Sælebakke 2013).

Dei ansatte i barnehagen skal lære seg enkle nærværsovingar som dei kan bruke saman med barna i kvardagen.

De kan lese meir om prosjektet her: <https://www.vinje.kommune.no/eg-er-meg-og-du-er-deg.522830.nn.html>

Leik:

Leiken har ein stor og sentral plass i den norske barnehagepedagogikken.

Leik er barna si viktigaste aktivitet, og er så vesentleg at FN's

Barnekonvensjon stadfestar barns rett til leik (st.mld nr 41 – s.61).

Leik er ein lystbetont og friviljug aktivitet som barnet sjølv velgjer å delta i.

Den er alltid indre motivert, eit mål i seg sjølv og barnet har sjølv kontroll.

Leik skaper humor og glede, og utviklar fantasi.

Leik gir grobott for venskap og er viktig for barnas språk- og sosiale utvikling.

Gjennom leiken lærer barnet seg sjølv å kjenne. Dei utviklar tillit og respekt i høve seg sjølv, og kva dei er i stand til å klare av utfordringar.

Barn lærer og utviklar ein samansett kompetanse gjennom leiken. Ved å "late som" går barna inn i si eiga førestillingsverden, tek perspektivet til andre og gir form til tankar og kjensler

Leiken utviklar seg med barnets alder, og ein kan dele leiken inn i ulike typer;

- Sansemotorisk leik – leik der ein bruker sansane sine
- Funksjonsleik - preger barnet sin leik dei to fyrste leveåra.
- Rolleleik – leik der barnet tar ulike roller, gjerne i samspel med andre barn
- Regelleik - her er reglene sentrale

- Boltreik - vilter og fysisk leik
- Konstruksjonsleik - eksperimentering med gjenstandar, bygging med klossar osv.
- Leik som regulering (Therraplay)

Barnet bruker kropp og rørsle for å utforske den fysiske verden.

Det må personalet ta hensyn til når me innreier rom barna skal opphalde seg i, t.d treng ein god plass på golvet for byggeleik/konstruksjonsleik.



Tatt initiativ

Lytta til andre

Vore del av fellesskapet

Vore eit barn

Lært om normar og reglar

Utfolda seg

Har opplevd latter og glede

Fått erfaring med ulike typer lek

Brukt sansane

Samarbeida

Vist omsorg

Bearbeide erfaringar og opplevingar

Blitt utfordra

Bygd sjølvkjensle

Opplevd empati

**NÅR BARNET
DITT SVARAR;
”I DAG HAR
EG BERRE
LEIKA...”
DÅ HAR
BARNET
DITT....;**

Opplevd vennskap

Trena konsentrasjon

Bygd sjølvtilit

Opplevd livsglede og
humor

Vore kreativ

Øvd tålmod

Øvd motorikk

Øvd på konfliktløsning og forhandling

Opplevd motgang og små tap

Opplevd samhald

Vore nysgjerrig

Øvd på turtaking

Brukt fantasien

Gjeve av seg sjølv

Øvd på å gje og ta Tatt ansvar

Opplevd samspel mellom barn-barn, og vaksne-barn

Lært om eigen identitet og eigne grenser

Utvikla seg emosjonelt og intellektuelt

FAGOMRÅDA

"Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter"
(Barnehageloven §2 s. 5)

Rammeplanen for barnehagar seier at barn skal få erfaringar innanfor følgjande fagområde;

- 1 Kommunikasjon, språk og tekst**
- 2 Kropp, rørsle, mat og helse**
- 3 Kunst, kultur og kreativitet**
- 4 Natur, miljø og teknologi**
- 5 Etikk, religion og filosofi**
- 6 Nærmiljø og samfunn**
- 7 Mengd, rom og form**

Fagområda opptrer sjeldan isolert. Fleire områder er representert samtidig i samband med kvardagsaktivitetar og turar i nærmiljøet.

Innan alle fagområda i Rammeplanen er det formulert mål slik at ein kan fremje utviklinga og læringa til barna. Det er og presisert kva som er personalet sitt ansvar.

Ein må tilpasse arbeidet med fagområda ut frå alderen og interessene til barnet, gruppesamansetning og andre faktorar.

Alle barn har rett til å bli møtt på det utviklingsnivået dei er på, og få utfordringar som svarar til det.

Kommunikasjon, språk og tekst:

Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehageinnhaldet.

Å få variera og rike erfaringar er avgjerande for å forstå omgrep.

Å samtale om opplevingar, tankar og kjensler er nødvendig for å utvikle eit rikt språk.

Vinje Kommune har laga ein språkplan for barnehagar og skular. Denne finn de på <https://www.vinje.kommune.no/planar-og-retningsliner.561717.nn.html>

Her ligg og informasjon om kva slags kartleggingsverktøy Vinjebarnhagen brukar.

MÅL; Alle barn skal bli lest høgt for minst 3 gonger pr veke

Personalet skal leggje til rette for:

- leik inne og ute
- høgtlesing i smågrupper
- samtale med barna
- bruke ulike språkmateriell
- bruke musikk, song og dans
- at bøkar er tilgjengelege for barna inne og ute
- systematisk språkstimulering min 2 gonger pr veke

Kropp, rørsle, mat og helse:

I småbarnsalderen tileignar barn seg grunnleggjande motorisk dugleik, kroppskontroll, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis dei kan ta vare på helse og livskvalitet. Ved sanseinntrykk og rørsle skaffar barna seg erfaringar, dugleik og kunnskap på mange områder.

Godt kosthald og god veksling mellom aktivitet og kvile, er viktig for å utvikle ein sunn kropp.

MÅL; Alle barn skal på tur utanfor barnehageområdet minst 1 gong pr veke

Personalet skal leggje til rette for:

- leik inne og ute
- turar i skog og mark
- aktivitet i gymsal og på hopperom
- lage rom for kvile og avslapping kvar dag

- *finmotoriske aktivitetar*
- *eit sunt kosthald*
- *vatntilvenning i basseng for dei eldste*

Kunst, kultur og kreativitet:

Gjennom rike erfaringar med kunst, kultur og estetikk får barn mange høve til sansing, oppleving eksperimentering, skapande verksemd, tenking og kommunikasjon.

Å vera saman om kulturelle opplevingar og gjere eller skape noko felles, bidreg til samhald.

MÅL; Alle barn skal få kjennskap til ulike formingsmateriale og teknikkar gjennom året

Personalet skal leggje til rette for:

- *leik ute og inne*
- *rolleleik*
- *musikk, song og dans*
- *at formingsmateriell er tilgjengeleg inne og ute*

Natur, miljø og teknologi:

Naturen gir rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags ver.

Gjennom dette fagområdet skal barna bli kjende med og få forståing for planter, dyr, landskap, årstider og ver.

MÅL; Alle barn skal få kjennskap til planter og dyr i nærmiljøet, og samspelet i naturen

Personalet skal leggje til rette for:

- *turar i nærmiljøet*
- *leik ute*
- *erfaringar med ulike tekniske materiell (eks foto og data)*
- *eksperimentering og bruk av ulike naturmateriell*
- *at barna får ei forståing av kor viktig det er å ta vare på miljøet*
- *kjeldesortering*

Etikk, religion og filosofi:

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten me oppfattar verda og menneske på, og pregar verdier og haldningar. Religion og livssyn legg grunnlag for etiske normer.

Noreg er i dag eit multireligiøst og fleirkulturelt samfunn. Barn og vaksne skal respektere mangfaldet som er representert i barnegruppa.

Barnehagen skal ta med seg verdier og tradisjonar frå den kristne kulturarven.

MÅL; Alle barn skal utvikle likeverd, toleranse og merksemd for kvarandre

Personalet skal leggje til rette for:

- leik inne og ute
- utvikling av vennskap
- å markere høgtider som jol og påske
- å bli kjende med andre land, kulturar og høgtider
- undring over livets mangfold (natur, liv og død)

Nærmiljø og samfunn:

Det at barna får påvirke kvardagslivet i barnehagen kan vere det fyrste steget for å få innsikt og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn.

Barn skal få utforske og oppdage nærmiljøet sitt.

MÅL; Alle barn skal bli kjend i nærmiljøet

Personalet skal leggje til rette for:

- turar i skog og mark
- kjennskap til arbeidsplassar og institusjonar
- leik inne og ute
- trafikkopplæring/trafikktryggleik

Mengd, rom og form:

Barn er tidleg opptekne av tal og teljing.

Dei utforskar rom og form, argumenterar og er på jakt etter samanhengar.

Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barna matematisk kompetanse.

MÅL; Alle barn skal pusle/spele spel minst 1 gong pr veke

Personalet skal leggje til rette for:

- leik inne og ute
- at barna får kjennskap til tal og bokstavar
- at barna får erfaring med ulike former, mønster og sortering
- at barna får fundere rundt omgrep som tid, volum og vekt



SAMARBEID MED ANDRE INSTANSAR

Skulen:

Skule og barnehage ynskjer eit nært samarbeid, slik at det blir samanheng og heilskap i overgangen. Skulestarterane (Lykle) vil i løpet av året vitje 1.klasse, og 1. klasse vil koma på besøk til oss i barnehagen.

Det er lagt opp til eit samarbeid mellom lærar for fyrste klasse og dei som har ansvaret for førskulegruppa i barnehagen, jmf plan for overgang.

PPT:

Barnehagen har eit samarbeid med Vest –Telemark Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT) om dei barna som har særskilt trong for hjelp og støtte til ymse utviklingsområde, som t.d. språk.

Barnehagane i Vinje og PPT har FSB- møter (Forum for Systemretta arbeid i Barnehagen). Me har jamlege møter der me tek opp ulike tema, og me kan ta opp drøftingssaker i samråd med føresette.

Dei som arbeider i PPT fungerer som rettleiarar for foreldre og barnehage. Barnehagen hjelper gjerne foreldre som ynskjer rettleiing/ hjelp frå PPT med å fylle ut søknadsskjema og liknande.

PPT og barnehagen har teieplikt.

Barnevern:

Barnehagen og Barnevernssamarbeidet i Vest Telemark har samarbeid gjennom ein fast kontaktperson i barnevernet.

Barnevernet kan bidra inn i personalgruppa og inn mot foreldregruppa.

Logoped;

Logopeden er i barnehagen med jamne mellomrom.

Logopeden vil rettleie personalet, arbeide med grupper av barn og einskildbarn (einskildbarn berre etter samtykke frå føresette)

Helse:

Barnehagen samarbeider med helsesjukepleiar i høve ulike tema, ved deltaking på foreldremøte og ved rettleiing på personalmøte.

Elles er helsesjukepleiar å treffe på helsestasjon i Edland.
Barnehagen har faste møter med helsesjukepleiar og psykisk helsearbeidar for barn og unge.

Fysioterapeut:

Det er laga ein plan for samarbeid mellom fysioterapeut og barnehagen.
Fysioterapeut kan vera med på foreldremøte og personalmøte i barnehagen.

Tema er aktivitet, kvile og kosthald

Føresette og barnehagen kan kontakte fysioterapeut for rettleiing i høve enkeltbarn. Dersom barnehagen tek kontakt i høve enkeltbarn, så er det i samråd med føresette.

Kultur;

Barnehagane i Vinje samarbeider med eining for Kultur om kulturarrangement i barnehagen.



DOKUMENTASJON OG VURDERING

"Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen."

«Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen»

"Vurderingsarbeidet skal bygge på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i."

(Rammeplanen s.38)

Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ei viktig føresetnad for utvikling og læring. Me i barnehagen må difor observere og vurdere trivselen og utviklinga til barnegruppa og det einskilde barnet heile tida.

Me i barnehagen drøftar, evaluerer og reflekterer rundt det pedagogiske arbeidet både avdelingsvis og felles på personalmøte.

Gode vurderingar gjer det enklare å planleggje vidare. For å gjere gode vurderingar krev det at dei vaksne er til stades og er reflekterte både i forhold til seg sjølv og barna.

Me vil synleggjere det "usynlege" i form av bilete, tekst, kommentarar frå barna osb. Dette kan hjelpe oss til å reflektere over det barnet gjer, forsøke å forstå det barnet gjer og tenkje. Me ynskjer å sjå verden gjennom barneperspektivet.

For å sikre god kvalitet på arbeidet i barnehagen vil me ha med foreldra på evaluering av barnehagens innhald og organisering. Dette fordi foreldre kjenner barnas behov best.

Me vil gjennomføre brukarundersøking i regi av Udir annakvart år. Neste brukarundersøking er i november 2021.

FORELDRA SI HUGSELISTE

- * ha alltid eit skift liggjande i barnehagen
- * ha med yttertøy slik at barna kan vera ute kvar dag og i all slags ver
- * viss dykk set namn i barnets tøy og sko, blir det lettare å finne att
- * fint om de gjev melding om de vil levere/ hente i tida 09.30-14.00. Dette er barnehagen sin kjernetid, så me er kanskje ute på tur da.
- * gje beskjed til personalet dersom nokon andre kjem å hentar barnet ditt
- * frukosten er frå kl. 07.45- 08.15
- * dersom barnet skal bruke tohjulssyklane i barnehagen, må hjelm vera med heimafrå
- *solkrem/kuldekrem må dykk ha med heimafrå
- * me feirar bursdag i barnehagen ved å henge ut flagg, lage krone og teikne til bursdagsbarnet.
Me feirar med fruktfest.
Invitasjon til "heimebursdagar" skal ikkje leveras ut i barnehagen.
- * ved sjukdom/ fråvær; - barnet skal haldast heime ved sjukdom
 - hvis barnet ikkje kan vera ute må det haldast heime
 - ved smittsame sjukdommar må barnet haldast heime til smittefaren er over.
 - me ynskjer at de gjev melding om barnet blir heime ein dag
- *ved arrangement i barnehagen, utanom opningstid, er det foreldre som har ansvaret for sitt/sine barn

KONTAKTINFO:

Kontor: 35062290/41540655

Lykle: 91692545

Blåmann: 91302936

Bruse: 91521152

<https://www.vinje.kommune.no/barnehage.483442.nn.html>

